ALVER
KOMMUNE

Kultur

| | | |
|---|---|---|
| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| Dykkar: | Kjartan Medaas | 08.04.2022 |
| Vår: 22/1752 - 22/28159 | kjartan.medaas@alver.kommune.no | |

# Søknad om dispensasjon til uttale - gbnr 348/1 Skurtveit

| | |
|---|---|
| **Tiltak:** | Søknad om dispensasjon og løyve til deling |
| **Byggjestad:** | Gbnr 348/1 |
| **Tiltakshavar:** | Steffen Rossland |

Saka gjeld søknad om deling og dispensasjon frå arealdelen av kommunedelplan for Meland (KDP)for oppretting av ny bustadtomt.

Søkjar er Steffen Rossland etter fullmakt frå heimelshavarane til gbnr 348/1.

Gbnr 348/1 er registrert med eit areal på omlag 255 daa i matrikkelen. Det vert søkt om oppretting av tomt på 1400 m².

Søknad om deling er nabovarsla i tråd med plan- og bygningslova § 21-3. Det ligg ikkje føre nabomerknader.

Det er lagt fram erklæring om rett i fast eigedom for veg, vass- og avløpsleidningar. Samt løyve til utvida bruk av avkøyrsle til kommunal veg og førehandsløyve for avløpsløysing.

Aktuelt areal er klassifisert som skog i NIBIO sitt gardskart. Treslaget er lauvskog.

**Planstatus**
Eigedomen ligg i uregulert område. Arealet er sett av til LNF formål i kommunedelplan (KDP) for Meland.

**VURDERING**

**Dispensasjon**

Det er søkt om dispensasjon frå arealdelen i KDP for frådeling av bustadtomt.

**Alver kommune**
Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00
post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no
Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922



Figur 1 Frå situasjonskartet.



Figur 2 Oversiktskart. Blå ring syner plassering av tomt


Figur 3 Ortofoto 2020


Figur 4 Gardskart

Søkjar sin argumentasjon for at det skal gjevast dispensasjon er i hovudsak at dette vil vera ei betre løysing enn å byggja hus der det er sett av LNF -spreidd bustadområde omlag 200 meter unna. I SB_16 er det opna for at det kan byggjast 2 nye hus i planperioden.

Sjå vedlagt dispensasjonssøknad datert 08.12.2021.

**Vurdering**
Det må vurderast om ein kan byte ein bustadtomt frå SB_16 mot denne parsellen.

**Jordlova**
Ber om vedtak etter jordlova frå landbrukskontoret. Søknad om frådeling må vera

handsama etter jordlova før den kan verta handsama etter plan- og bygningslova.

**Frist**
Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**
7 - Bilete av eigedom
6 - Situasjonskart med vegtilkomst
2 - Dispensasjonssøknad
1 - Søknad om oppretting av matrikkeleining - rekvisisjon av oppmålingsforretning

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Steffen Rossland | SKURTVEITVEGEN 33 | 5917 | ROSSLAND |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Kultur | | | |
| Landbruk | Postboks 4 | 5906 | FREKHAUG |
| Statsforvaltaren i Vestland | Njøsavegen 2 | 6863 | LEIKANGER |
| Vestland fylkeskommune | Postboks 7900 | 5020 | Bergen |